

Folgefonnlandsbyen Jondal -vurdering av resultat og utfordringar-

Finansiering Folgefonnlandsbyen Jondal 2008 -2009

	2008	2009
KRD	1.000.000,-	1.000.000,-
LivOGlyst	90.000,-	130.000,-
HFK, RUP-midlar	200.000,-	0,-
Jondal kommune	200.000,-	300.000,-
Total:	1.490.000,-	1.430.000,-

Lokal forankring:

Gjennom forprosjektet, samt fleire opne bygdemøte våren 2008, vart mål, visjon, verdiar, perspektiv, strategiar og tiltak arbeidd fram av innbyggerane sjølve. Strategiane som vart valt vart nytta til å dele inn i 11 team / arbeidsgrupper med ulike ansvars- og tiltaksområder. Denne "bottom-up"prosessen har ført til at prosjektet vert oppfatta som relevant og viktig for mange lokale aktørar. Sjølvstøtt er det mange innbyggerar som er kritiske til både mål og tiltak, men det vil alltid vere litt friksjon i ein utviklingsprosess.

Forankringsfasen har vore relativt lang. Noko av årsaka til dette kan vere at Jondal kommune vart tatt opp i fleire utviklingsprogram, samt at Jondal sentrum fekk status som Nasjonalpark-landsby nærast på same tid. Dette har ført til lokal forvirring om kva som inngår i kvart prosjekt, både geografisk og tematisk. "Prosjektstaben" har brukt mykje tid på å klargjere forskjellar og samanhenger.

Folgefonnlandsbyen Jondal har nytta "Skåneviksmodellen", med coaching som metode og verktøy. Dette inneber at teama er autonome og har eit tydeleg resultatansvar. Me meiner at dette har vore gunstig i høve deltakarane si kjensle av forplikting og ansvar.

For mange menneske er tida vår knappaste ressurs. Difor har me valt å vere tydelege på at deltakarane går inn i teama på sine eigne premisser. Under mottoet ”*Ingen kan gjere alt, men alle kan gjere litt*” legg prosjektet opp til at kvar og ein kan velje å bruke mykje eller mindre tid og energi på dei ulike tiltaka. Meininga er å spreie arbeidet til mange ulike innbyggjarar, slik at belastninga på kvar enkelt ikkje vert så stor. Dette ser me på som ein viktig suksessfaktor i eit prosjekt som er tufta på frivillig dugnadsinnsats over lengre tid.

Synleggjering:

Folgefonna-landsbyen Jondal er i dag godt kjent lokalt. Med 1022 innbyggjarar og over 100 deltakarar i prosjektet har alle eit familiemedlem, ein kollega eller ein ven som er engasjert i Folgefonna-landsbyen. Me har vektlagt å arrangere fleire landsbyfestar, landsbydugadar og andre arrangement som samlar innbyggjarane uavhengig om dei er aktive i prosjektet eller ei. På alle desse arrangementa legg me opp til ein informasjonsdel, slik at folk vert kontinuerleg oppdatert på framgang og nye planar. Dette vert vurdert som viktig for å synleggjere progresjon, og for å stadig minne om at alle teama alltid er opne for nye deltakarar.

Gjennom det fyrste året har mange team lagt vekt på å setje i gang med tiltak som gjev synlege resultat, som til dømes ein tursti og bygging av gangbru i sentrum, ”Jondalsguide” retta mot turistar, landsbybrød i alle matvarebutikkar, nytt turkart, infohefte om tilbod i Jondal sentrum, og ikkje minst Folgefonna Ungdomsfestival som vert avvikla 27.-28 juni 2009. Dette har vore eit bevisst, strategisk grep frå teama si side. Dei ynskja å ”sparke i gang” prosjektet med synlege, varige tiltak. Styringsgruppa stiller seg bak ein slik tankegang. Fleire av målsetnadane, som auka innbyggjartal, utvikling av Jondal som reiselivsdestinasjon, og auka verdiskaping og sysselsetjing knytt til Folgefonna, er kun oppnåelege gjennom langsiktige prosessar. For å skape eit positivt syn på prosjektet, og oppretthalde eit breitt engasjement over tid, er det difor viktig å gjennomføre synlege, allmennyttige tiltak, samtidig som dei tyngre prosessane

Folgefonna-landsbyen Jondal har fått ein del mediemerksmd i Hardangerregionen. Dette har ført til at lokale aviser har retta blikket mot Jondal kommune, og me opplev at kommunen i sin heilskap får meir spalteplass i avisene. Me får mange tilbakemeldingar på at auka merksemd og synlegheit i regionen spelar positivt inn på lokal identitet og stoltheit. I eit flyttoperspektiv kan eit betre omdømme, samt utvikling / forsterking av positive kjensler for heimstaden demme opp for noko av utflyttinga.

Resultat:

Me har vektlagt å skape eigarskap og forankring i lokalsamfunnet, i tillegg til trivselstiltak og –arrangement. I tillegg har me laga diverse marknadsføringsmateriell for å synleggjere eksisterande tilbod, sjåverdigheter og aktivitetar i Jondal. Me er òg svært nøgd med samarbeidet vertikalt mellom Folgefonna-landsbyen, Jondal kommune og Hordaland Fylkeskommune, så vel som samarbeidet med ulike aktørar internt i landsbyen.

I november 2008 opna me ”Landsbykontoret”. Dette er arbeidsplass for landsbylosen (prosjektleiari) og Klakje AS (eigarar av Folgefonna Sommarskisenter). Det felles kontoret gjer at samarbeidet mellom næringsaktørar knytt til Folgefonna og Folgefonna-landsbyen Jondal er tett og godt, og me nyttar kvarandre sin kompetanse, nettverk og erfaringar i utviklingsarbeidet. I tillegg er Landsbykontoret ope for alle innbyggjarar. Dette har ført til at ulike innbyggjarar og aktørar innan reiseliv og næring stikk innom på ein dagleg basis for å dele

informasjon og diskutere problemstillingar og utfordringar. Denne uformelle arenaen, der samtalanane føregår over ein kaffikopp, ser me at er viktig både for informasjonsflyten, for å skape nye nettverk i landsbyen, for å synleggjere prosjektet, og ikkje minst fordi at dørstokken er så lav at "alle" føler at dei kan stikke innom dersom det er noko dei vil dele eller få hjelp til.

Som i mange andre bygder legg jantelov og bygdedyr ofte føringar for meiningar og for om ein tør å satse på noko som ein brenn for. Perspektivet i Folgefønlandsbyen er at me skal "flagge for naboen". I dette ligg det at me skal unne naboen og nabogrenda små og store seirar. Å snu ein mentalitet frå å vere seg sjølv nok til å aktivt gå inn for samarbeid (dette gjeld særskilt i reiselivsbransjen) er ein omstendig prosess. Aktørane lyt ta inn over seg at me er for små til å konkurrere med kvarandre. Det er kun gjennom samarbeid og modellar for fellesfinansiering av nye satsingar og fellesgoder at me kan klare å løfte Jondal frå bra til endå betre. Denne mentale snuoperasjonen er noko me arbeider mykje med for tida, og me ser allereie at innsatsen gjev små, men merkbare resultat.

Utfordringar:

Utviklingsarbeidet famnar svært breitt og dette er ressurskrevjande både for prosjektleiar og for teamleiarane.

Å snu flyttetrenden og stimulere til næringsvekst er tunge prosessar som tek tid.

Ein stor utfordring ligg i sjølve rammeverket til småsamfunnssatsinga. Me opplev at fleire tiltak som verkjeleg hadde skapt ein forskjell i lokalsamfunnet og for næringsaktørar må skrinleggjast på grunn av at midlane ikkje kan nyttast til fysiske investeringar.